

Postboks 118, sentrum
5804 Bergen

Revisor@helgefrosta.no

Org.nr 985 344 566MVA

Til generalforsamlinga i Gløde AS

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Gløde AS sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 1 037 635 . Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap, oppstilling over totalresultat , oppstilling over endringar i eigenkapital for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilette av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultatene for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Det vises til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger> som inneheld ein beskrivelse av revisors oppgåver og pliktar.

Postboks 118, sentrum
5804 Bergen

Revisor@helgefrosta.no

Org.nr 985 344 566MVA

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga og føresetnaden om at drifta skal halde fram, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Helge Frosta

Statsautorisert revisor

Bergen, 21.5.2019

Eigarar av Gløde AS

Eigar	Aksjer	Eigardel %
Meland Kommune	60217	36,08
Lindås Kommune	17761	10,64
Hordaland Fylkeskommune	11841	7,09
Meland lokallag NFU	10000	5,99
Framo Flatøy AS	8960	5,37
Norges Handikapforbund Meland	8000	4,79
Radøy Kommune	7756	4,65
Sparebanken Vest	5920	3,55
Meland Helselag	6000	3,59
Austrheim Kommune	4559	2,73
Helge Vidar Larsen	4000	2,40
Masfjorden Kommune	3375	2,02
Norsk Hydro	2960	1,77
Steinar Knudsen	2000	1,20
Karl G Oppsahl	2000	1,20
Per Sæthre (dødsbo)	2000	1,20
Ingvald Bastesen	2000	1,20
Johan Alv Andersen	2000	1,20
Gunnar Vetlejord	2000	1,20
Equinor Mongstad	1776	1,06
Fedje Kommune	1539	0,92
Adv. Olav Jordal (død i 2008)	118	0,07
Nordhordland Handverk og Industrilag	118	0,07
Totalt	166900	100%

Styre for Gløde AS:

Nils Marton Aadland	Leiar	Meland Kommune
Steinar Raa	Nestleiar	Framo Flatøy
Åshild Aamli	Medlem	NFU Meland lokallag
Anna K. Valle	Medlem	Lindås Kommune
Ståle J. Hauge	Medlem	Hordaland Fylkeskommune
Anne Grete Eide	Medlem	Meland Kommune
Rune Myhr	Medlem	Tilsettere representant
Svein Skjellanger	Med tale og forslagsrett, for tilsette	
Sølvi N. Gripsgård Knudsen	1. Vara	Meland Kommune
May Eva Sandvik	2. Vara	Hordaland Fylkeskommune
Håvard Stusdal	Vara	Tilsettere representant
Anne Grete Tvedt	Vara for representant med tale og forslags rett, for tilsette	